

Fra: Arild Fosstveit [arild.fosstveit@gmail.com]
Sendt: 23. februar 2014 21:43
Til: NVE
Emne: INNSPEL TIL HØYRING I SAK OM KRAFTUTBYGGING I
GRØDALSVASSDRAGET
Vedlegg: Vedlegg - kart.pdf

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

INNSPEL TIL HØYRING I SAK OM KRAFTUTBYGGING I GRØDALSVASSDRAGET, SAUDA KOMMUNE

Eg vil med dette koma med innspel til høyring i saka om kraftutbygging i Grødalsvassdraget i Sauda kommune.

Utbygging i Grødalsvassdraget vil direkte påverka mine interesser i området. Eg er grunneigar av gnr. 23 bnr. 1 med støl på Beintfram (punkt 1, vedlagt kart), og tinglyst stølsrett på Liastølen (punkt 2, vedlagt kart).

Som nabo og elles som part med interesser i vassdraget meiner eg å ha krav på varsel i samband høyring av utbygging. Slikt varsel har eg ikkje motteke, og eg etterlyser slikt brev.

Eg er svært kritisk til ei utbygging av Grødalsvassdraget og eg vil i det vidare gjere nærare greie for kvifor.

Grødalsvassdraget og Grødalen høyrer til viktige beiteområde for fleire gardar i Saudasjøen. Eg har sjølv sauer som går på beite i Grødalen kvart år. Vidare har eg, som nemnt over, støl og stølsrett på Beintfram og Liastølen.

Området på begge sider av vassdraget er slik sett viktige kulturlandskap med slåtteteigar, beite, og stølar. Ei kraftutbygging vil føre til eit vesentleg inngrep i dette landskapet og vil forringa området sin landskapsverdi, identitetsverdi, historiske og kulturelle verdi. Dette er ein urørt sidedal i Nordstøldalen.

Området på begge sider av elva er viktige og mykje nytta turområde. Turen til Nordreskorsnuten og Brekkestølsnuten går langs vassdraget, og Liastølen har vore del av Sauda turlag sine populære stølsturar. Det er viktig å ta vare på slike natur- og kulturlandskap som Grødalen og Grødalsvassdraget representerer, og vern av slike område veit turfolket å verdsette. Beintframfossen er til dømes synleg frå nær sagt heile Nordstøldalen.

Inngrepet ei kraftutbygging utgjer er vesentleg, med minstevassføring og anleggsveg. Det vil vere eit inngrep i fjellandskap som er godt synleg i Nordstøldalen.

Tidlegare har ein sett – i Nordstøldalen og andre lokale dalføre – at bygging av anleggsvegar og traktorvegar genererer mykje trafikk og motorisert ferdsel. Denne utviklinga har ført til at me står att med få område som er urørt og samstundes nært tilgjengeleg. Grødalen og lia med Grødalsvassdraget er slik eit unikt område i Nordstøldalen. Tilkomstveg til kraftstasjonen vil slik sett øydeleggje mykje av denne kvaliteten området har, og vil flytte grensa for motorisert ferdsel ytterlegare i retning høgfjellet.

Eg har sagt at sjølv inngrepet eit kraftutbygging utgjer er vesentleg. Men det er like mykje konsekvensane - og venta utvikling som ei kraftutbygging i slike høgtliggjande område vil generere - som uroar. Ei kraftutbygging vil vere eit viktig ledd i ei framtidig hytteutbygging i Grødalsområdet, og Nordstøldalen elles. Det er i dag viktig for utbyggarar av hytter å kunne tilby straum til hyttene. Samstundes vil ein ny veg som vert bygd i samband med ei kraftutbygging opne opp nye område for hyttebygging. Området ved og langs Grødalsvassdraget vil vere attraktive område med gode solforhold og utsikt. Forventa konsekvensar av ei slik kraftutbygging vil slik vere: Meir motorisert ferdsel, utbygging av hytter, meir ekstensiv bruk av området, endring og forringing av kvalitetar i området knytt til stølsdrift, beite og friluftsliv. Dette er viktige og svært sannsynlege konsekvensar som burde vore utgreidd og vurdert.

Til slutt vil eg seie at eg ikkje er prinsipiell motstandar av vasskraftutbygging, men at eg stiller meg mot utbygging i denne saka. Det er særskild tre forhold som eg reagerer på i denne saka:

1. At eg - som nabo og part - ikkje har motteke varsel.
2. At det er snakk om småkraftutbygging høgt til fjells – i område som til nå har vore urørt.
3. At vern av Beinframfossen ikkje har vore utgreidd.

Mvh

Arild Fosstveit

Gnr. 23 bnr. 1
Fosstveitvegen 46
4208 Saudasjøen

epost: arild.fosstveit@gmail.com
mobil: 470 11 852
tlf: 52 78 11 39

Vedlegg: Kart